

# ÅRSPLAN

## Barnehagane i Vågå 17/18



**«Små vagverar skal hauste gode erfaringar i barnhagane»**

Lalm barnehage

Tessand barnehage

Søre Grindstugu barnehage

## **OPNINGSTIDER**

Dei kommunale barnehagane i Vågå har ei opningstid på 9 timar per dag, fleksibelt mellom 07.00 -16.30, med unntak av sentrumsbarnehagen Søre Grindstugu, som har opningstid 07.00 -16.30.

Barnehagane skal snarast etter opptak kartlegge føresette sine behov for opningstid.

Barnehagane er stengt frå og med den 24.12 og heile jula til og med nyttårskvelden, er stengt påskeveka og 3 veker om sommaren, vekene; 29,30 og 31. Jf. vedtektene.

## **SAMARBEIDSPARTNARAR**

Foreldresamarbeid;

Barnehagane er opptekne av å ha eit godt samarbeid med heimen, det er føresette som kjenner eigne barn best. Vi vil ha aktive og engasjerte føresette som kan vera med og utvikle barnehagane gjennom

FAU og samarbeidsutval

Kvar barnehage har sitt eige foreldrearbeidsutval som består av alle foreldre og kvar avdeling har sin eigen foreldrerepr. med vara.

Foreldrerepr. er representert i samarbeidsutvala der det sitt representantar også frå eigar/kommunen og dei tilsette.

Det er etablert foreldrenettverk og foreldreskule for dei foreldre som har komande fyrsteklassingar. Dette arbeidet kjem som regel i gang våren før oppstart om hausten.

Foreldremøte; 1–2 pr. år.

Foreldresamtalar; alle foreldre får tilbud to samtaler pr.barnehageår

Personalet sin teieplikt;

*«For virksamheter etter denne lov gjelder reglene om taushetsplikt i Forvaltningsloven §§ 13 til 13f tilsvarende.*

*Enhver som utfører tjeneste eller arbeid i barnehagen har taushetsplikt etter de generelle bestemmelsene i Forvaltningsloven. Taushetsplikten gjelder både det pedagogiske personalet og andre ansatte, som assistenter, studenter, vikarer, kjøkkenpersonale, vaktmestere mv. Taushetsplikten innebærer at medarbeiderne plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det vedkommende i sitt arbeid får vite om noens personlige forhold. Med dette menes blant annet opplysninger om fysisk og psykisk helse, familie- og hjemforhold, boligforhold, økonomi eller klientforhold til det offentlige».*

Personalet sin opplysningsplikt:

«Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til barneverntjenesten når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, [jf. Barnehageloven § 22](#). Se også Barnevernloven § 6-4 annet ledd med hensyn til opplysningsplikt ved pålegg fra barnevernmyndigheten.

Barnehagens ansatte har som alle andre en plikt til å anmelde eller på annen måte avverge visse alvorlige forbrytelser, jf. Straffeloven § 139. Bestemmelsen omfatter blant annet seksuelle overgrep og grov legemsbeskadigelse. Etter lov om forbud mot kjønnslemlestelse 15. desember 1995 nr. 74 med endringer 28. mai 2004 § 2 er barnehageansatte pålagt en avvergelsesplikt uten hensyn til taushetsplikten».

Andre tverrfaglege samarbeidspartnarar:

PPT, Helsestasjonen, BUP, Fysioterapeut, Barnevernet og andre.

## PLANLEGGINGSDAGAR

Barnehagane har fem planleggingsdagar i året. Desse skal nyttast til fagleg påfyll, planlegging og dokumentasjon/evaluering av arbeidet. Dei to fyrste har vi i oppstarten av året slik at dei tilsette kan planlegge året dei skal i gang med.

Ein av planleggingsdagane blir den 2.januar og dei to siste på slutten av året i mai/juni.

## VERDIGRUNNLAGET TIL BARNEHAGEN

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng (Rammeplan).


Rammeplan og Barnehageloven er det som styrer barnehagen sitt innhald.



## FOKUSOMRÅDET FOR BARNEHAGANE 17/18

### Vaksen rolla med fokus på sosial kompetanse

- lar barna medverke og vere lydhøyre for barna sine initiativ
- fremmer eit inkluderande leikemiljø
- bygger «robuste» barn
- er gode rollemodeller



### TIDLEG INNSATS

Vågå kommune skal flytte tyngdepunktet i arbeid med barn og unge frå å behandle problem til å førebygge at dei oppstår. Vi skal vurdere tiltak straks ein oppdagar at eit problem er under utvikling. Ved å førebygge og ta tak i problem på eit tidlig tidspunkt kan ein forhindre at dei veks seg store.

For å nå dette målet har barnehagane i Vågå kommune ha eit felles system for kartlegging og oppfølging. Ein del av 4 -årskontrollen skal gjerast i barnehagen. Vi har eit felles system som inneheld samarbeid, observasjon, kartlegging og oppfølging.

Dei tilsette ser barna i det daglege og i samhandling med andre menneskjer. Vi vil som oftast oppdage om noko er annleis med veremåten og utviklinga til eit barn. Når det oppstår uro i samband med den mentale, sosiale eller fysiske helsa til eit barn har vi som vaksne ansvar for å gå vidare til den rette faginstansen.

Barnehagen har meldeplikt til barnevern (jf. barnehageloven). Foreldre skal informerast om, involverast i og samtykke til tilvisingar som barnehagen gjer til eksterne faginstansar. Som for eksempel; PPT(pedagogisk psykologisk teneste), helsestasjon, barnevern.

## **DANNING GJENNOM OMSORG, LEIK OG LÆRING**

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier om kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene».*

(Barnehageloven § 1 Formål, 1. ledd)

Barnehagen som pedagogisk verksemd har sin eigenart og sine tradisjonar som må ivaretakast. Erkjenning av barndommen sin eigenverdi står sentralt i denne tradisjonen. Den heilskaplege og integrerte tilnærminga som karakteriserer barnehagens verksemd, tek ein vare på i formålet blant anna gjennom omgrepa omsorg, leik, læring og danning.

### **DANNING**

I barnehagen er gjensidige samhandlingsprosessar med barn og vaksne i leik og læring og omsynet til kvarandre forutsetningar for barnets danning. Danning er en livslang prosess som blant anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over egne handlingar og væremåtar. Danning skjer i samspel med omgjevnadane og med andre og er ein forutsetning for meningsdanning, kritikk og demokrati. Danning i barnehagen skal forankrast i verdiane i formålet.

Gjennom gode dannelsingsprosesser sett ein barn i stand til å handtere livet ved at dei utviklar evna til å forholde seg prøvande og nysgjerrig til omverda og til å sjå seg sjølv som et verdifullt medlem av et større fellesskap. Danning er meir enn utvikling, læring, omsorg, oppseding og sosialisering. Samtidig rommar danning alt dette. Barn må få utfordringar og moglegheit til å utvikle kunnskap og ferdigheter og støtte for å handle omsorgsfullt og gjøre etisk grunna val. Gjennom danning legg ein grunnlaget for barnet si allsidige utvikling.

### **LEIK**

Barn lærer gjennom samhandling med andre barn, sine omgjevnad og kompetente og trygge vaksne. Dei vaksne skal vera tilgjengelege for barna sine initiativ, deira interesser og nysgjerrigheit slik at barna opplever å ha medverknad på sin eigen kvardag.

Gjennom sosiale samhandlingar i leik og andre aktivitetar opplever barn mestring, ulike formar for omsorg, løyser konflikter og styrkar sine empatiske evner. Til saman gjev dette forutsetningar for barna si danning.

Å få delta i leik og få venner er grunnlaget for barn sin trivsel i barnehagen.

Leiken har eigenverdi og er ein livs- og læringsform som barn kan uttrykke seg gjennom. Leiken har mange uttrykksformer og kan føre til forståing og vennskap på tvers av alder og språklig og kulturell ulikheit. I eit leikefellesskap legg ein grunnlag for barns vennskap med kvarandre, og i samhandling legg ein grunnlaget for læring og sosial kompetanse.

Barn lærer og utviklar ein samansett kompetanse gjennom leiken. Ved å late som, går barn inn i sin eigen førestillingsverden, tek andre sin perspektiv som gjev form til tankar og kjensler. Gjennom utforsking og samtale om verden og fenomen skaffar dei seg kunnskap og innsikt på mange områder.

Leiken er ein del av barnekulturen og speglar forhold i barns oppvekstmiljø og i samfunnet generelt. I leiken overførast også barnekulturelle tradisjonar frå eldre til yngre barn.

Barn får impulsar og inspirasjon til leiken gjennom opplevingar. Barnehagen skal inspirere til fantasi, skaparglede og undring. Dei tilsette skal være tilgjengelige for barn ved å støtte, inspirere og oppmuntre barna i deira leik.



## OMSORG

I rammeplanen står det at «alle barn har rett til omsorg og skal møtas med omsorg». Den viktigaste omsorga er knytt til de vaksne sine haldningar overfor barnet. Omsorga skal vera prega av at den vaksne er lydhøyr og merksam, er nær og har evne og vilje til samspel.

Barnehagen skal støtte og ta omsyn til det enkelte barnet, samstundes som omsyn til fellesskapet skal sikrast. Vårt mål er at alle foreldre skal kjenne seg trygge på å levere barna i barnehagen.

## MEDVERKNAD

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan gå gitt uttrykk for kva dei synes om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehageloven §§1 og 3, Grunnlova §104 og FN sin barnekonvensjon art.12 nr1. Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen. (*Rammeplanen*)

Medverknad er og å ta barna sine kjensler på alvor. Vi må sjå når dei er lei seg, sinte, glade og la dei få prate om dette slik at dei skjønar at vi tek dei på alvor. Dei tilsette arbeidar heile tida med å få til god kommunikasjon/relasjon med barna. Det er viktig å kunne lytte og få til gode samtalar.

Det er viktig at dei tilsette er opne for dei attendemeldingane som barna gjev både språkleg og kroppsleg, og ta omsyn til dette i det daglege, og med tanke på planlegging av aktivitetar for barnegruppa.

Påverknad er avgrensa til at born, med intensjon om medverknad eller ikkje, kommuniserer kva dei er opptekne av til vaksne som registrerer det.

Den profesjonelle identiteten til barnehagelæraren er ikkje like fokusert på fagformidling som det er for t.d. lærar. Den er knytt til leik, omsorg og personleg utvikling, og det gjer at dei meir formidlingsorienterte sidene ved profesjonen ikkje er så sentrale.

Barnehagane nyttar barneintervju for at barna skal kunne få fram sitt syn på trivsel og vennskap.

## TRIVSEL

Det at barn trivst godt i barnehagen er det viktigaste målet for god barnehagekvalitet. For å oppnå dette er desse punkta vesentlege:

Dei vaksne skal; - skape trygge rammer – vera tilgjengelege - gje av seg sjølve; tryggleik, respekt og omsorg - bidra til at vennskapsband blir knytte - førebygge mobbing

Barn skal: - få utvikle seg i eit trygt miljø - bli sett, høyrte og forstått - få medverke uansett alder, modning og funksjonsnivå - ha høve til å utvikle vennskap

For å dokumentere trivsel i våre barnehagar har vi det siste åra gjennomført samtaler/barneintervju med 4 og 5 åringane. Gjennomgåande må vi si at i barnehagen våre trivst barna godt i våre barnehagar og dei opplever å ha venner. Kvart år ser vi likevel at den viktige informasjon dei gjev kan vi som vaksne lære mykje av, for å bli enda betre i vaksen rolla vår.



## SPRÅK

Å leggje til rette for god språkutvikling er ei viktig oppgåve for barnehagen.

Kommunikasjons- og språkkompetanse er viktig både for barnet sitt liv her og nå og for barnet sine moglegheiter i framtida. Barnehagen skal gje alle barna varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, reiskap for tankane og uttrykk for egne tankar, meiningar og kjensler. Innhaldet i barnehagekvardagen skal støtte opp om barna si språkutvikling, og språkstimulering skal inngå som en del av det daglege samværet. Barnehagen er ein sentral og viktig arena for å setja i gang førebyggjande og tidleg innsats når det gjeld barn sin språklege kompetanse.

## INKLUDERANDE LÆRINGSMILJØ

Vågå kommune er med i eit pilotprosjekt, *Inkluderande læringsmiljø*, i regi av UDIR som varer frå desember 2016 til desember 2018. Dette prosjektet er ei kompetanseutvikling som skal styrke barnehagar, skular og eigars kompetanse i å fremja trygt miljø og førebygge, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar.

I Vågå kommune skal alle barn oppleve eit inkluderande læringsmiljø, både fagleg og psykososialt. For å nå dette målet er det ein føresetnad at alle tilsette og foreldre samarbeider godt både med førebyggjande og holdningsskapande arbeid.

Barnehagane og skulane skal arbeide med desse områda i prosjektperioden:

- Systematisk arbeid i personalgruppa
- Holdningsarbeid
- Foreldresamarbeid





## **KVALITET**

Barnehagane arbeidar kontinuerleg med kvalitetsutvikling gjennom arbeidet vårt med beste praksis/fokus område, kurs, etterutdanning, fagleg relatert oppdatering av heile personalgruppa og årlege intervju med alle fire og fem åringane våre om trivsel i barnehagen.

Vi vil for kvart år velje oss eit fokusområde som det blir arbeid systematisk med gjennom heile året. Dette vil bli beskrivi nærare gjennom avdelingane sine halvårsplanar.

Ved avslutning av barnehageåret skal alle avdelingar dele sine resultat med kvarandre og evaluere arbeidet som har vore gjort.

Hausten 17 vil vi og gjennomføre ei brukarundersøking.

## **RAMMEPLAN**

Rammeplan for barnehagen er ei forskrift til Lov om barnehage. Rammeplanen gjev retningslinjer for innhald og oppgåvene til barnehagen som er sentrale for oppleving, utforskning og læring. Dette er;

Kommunikasjon, språk og tekst

Kropp, rørsle, mat og helse

Kunst, kultur og kreativitet

Mengd, rom og form

Natur, miljø og teknikk

Etikk, religion og filosofi

Nærmiljø og samfunn

<http://www.vaga.kommune.no/barnehageportalen>

## **OVERGANG**

Kunnskap og erfaring frå barnehagen skal vera ei plattform for arbeidet i skulen dei første åra.

Dette krev at barnehage og skule har gjensidig kjennskap til kvarandre sitt arbeid. Slik vil ein leggje til rette for eit heilskapleg opplæringsløp som tek omsyn til det einskilde barnet sitt behov.

Barnehagane, skulane og dei føresette må vera i god dialog når det gjeld overgangen. Det er viktig å ha ein god overgang mellom barnehage og skule for å sikre ein god informasjonsflyt.

I Vågå er det forankra administrativt og politisk korleis overgangen mellom barnehage og skule skal vera. I løpet av barnehageåret vil det bli eit opplegg i lag med skulen for å sikre at overgangen blir trygg og god. Dette blir gjort ved at 6. årssteget har eit fadderopplegg med 5-åringane, og ein vil ha samarbeid med 1. årssteget.

Alle 5-åringane i Vågå skal i løpet av det siste barnehageåret ha vore gjennom det metodiske opplegget tal – og språksprell som er basert på mykje leik og samspel med andre.

## **TRAFIKKSikker BARNEHAGE - og rutiner for barnehage ut på tur.**



Vågå kommune er godkjent som ei «trafikksikker kommune». Det betyr blant anna at alle dei kommunale barnehagane har oppfylt ein del kriterier for arbeid med trafikksikkerheit.

At barnehagen er godkjent som trafikksikker er ingen garanti for at det ikkje kan skje ulykker i framtida, men gjennom høgare bevisstleik blant tilsette, barn og foreldre vil risikoen minske.

Trafikksikkerheit i barnehagen generelt:

- Trafikksikkerheit integreres som ein del av barnehagen sin omsorg og opplæringsarbeid og nedfelles i barnehagen sin årsplan
- Det blir stilt krav til busselskap og drosjer om belter og trafikksikker atferd ved kjøp av transporttenester
- Dei tilsette kjenner rutiner for handtering av uforutsette faresituasjonar og hendelser på tur
- Barnehagen har utarbeid rutiner for å ivareta sikkerheit på turar til fots, drosje og buss.

Trafikkopplæring i barnehage:

- Barna lærer enkle trafikkregler for fotgjengere
- Barna lærer om sikring i bil, sykkelhjelm og refleks

Samarbeid med foreldre:

- Rutiner for å ivareta barna sin sikkerheit ved barnehagen sin parkeringsplass og grind skal gjennomgåast på fyrste foreldremøte om hausten
- Det «stilles krav» til foreldre om å sikre barn på veg til og frå barnehagen
- Trafikksikkerheit og trafikkopplæring er eit integrert tema på foreldremøter
- Foreldre involverast i barnehagens trafikksikkerheitsarbeid

Kontakt info; Tenesteleiar/styrar Jorunn Linderud 97605695/ 61293850

E-post: [jorunn.linderud@vaga.kommune.no](mailto:jorunn.linderud@vaga.kommune.no)

Ass. Styrar Siv Kristin Paulsen 95281106 /61239340/ 61239760

E-post: [siv.kristin.paulsen@vaga.kommune.no](mailto:siv.kristin.paulsen@vaga.kommune.no)

<http://www.vaga.kommune.no/barnehageportalen>

Alle barnehagane har eigen facebook side for foreldre og tilsette som syner små glimt frå barnehagekvardagen.

På Vågå kommune si heimeside er det også linkar til barnehagesida. Her blir det lagt ut felles informasjon, lover og vedtekter.



Fortell meg at jeg er noe,  
at jeg kan noe,  
at jeg betyr noe.  
Fortell meg det.

Ikke fortell meg det jeg gjorde.  
Eller det jeg kunne ha gjort,  
eller det jeg burde eller skulle ha gjort.  
Nei, ikke fortell meg det.

Fortell meg heller at jeg er noe.  
At jeg kan noe.  
At jeg betyr noe.  
Fortell meg heller det.

Jeg trenger det skjønner du.  
Jeg trenger det sårt.  
Jeg trenger en søyle av trygghet  
å lene meg mot gjennom livet.  
Jeg trenger det skjønner du.

For det er værhardt å leve!

R.B. Waale

